




KRAFT
MUSEET

ÅRSRAPPORT 2020



Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum, er ei stifting med egne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal, og har arenaer og publikums-tilbod både i Tyssedal og Odda.

Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Etter museumsreforma, fekk museet i 2003 status som konsolidert museum, og eit tematisk ansvarsmuseum. I 2018 bytte museet namn til Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum. Gjennom å vera ein del av NVE si museumsordning, har Kraftmuseet konkrete oppgåver på nasjonalt plan.

Følgjande verksemder, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Kraftmuseet:

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tizir Titanium & Iron AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvefossen ASA (no: Elkem Bjølvefossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Energi Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Industri Energi), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad.

Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkje interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tyssø I).

Framsida: Frå Tyssø Pride 27. juni 2020. Kraftmuseet var medarrangør i den fargerike tilskipinga som hadde hovuddelen utanfor og inni kraftstasjonen. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

INNHALD

1. Organisasjonen	s. 4
2. Økonomi	s. 5
3. Eit år med pandemi	s. 5
4. Fornyng	s. 6
5. Forvaltning	s. 10
6. Formidling	s. 12
7. Forsking	s. 15
8. Oppsummering	s. 17
9. Revisjonsmelding	s. 18
10. Resultatrekneskap og balanse	s. 20
11. Notar	s. 23

1. Organisasjonen

Direktør	Knut Markhus
Administrasjonsleiar	Mette Haraldsen
Avdelingsleiarar	Svein Jåstad Åsne Dolve Meyer
Styret	Rolf Nesheim, styreleiar (Vestland fylkeskommune) Trude H. Letnes, nestleiar (styreoppnemnt) Toralf Mikkelsen, (Ullensvang kommune) Tore M. Sellæg (Norsk Industri) Hans Henrik Haukaas (Statkraft) Dijana Saga (LO i indre Hardanger) Bjørn Seim (Museumslaget) Gro Tyssedalstveit Kollbotn (tilsette sin representant) Observatør Brigt Olav Samdal (NVE)
Revisor	Odda Revisjon AS/ v statsaut. revisor Nils Magnus Berge

Styret hadde 4 ordinære og 1 ekstraordinært styremøte i 2020 og handsama i alt 34 saker.

Ved Kraftmuseet vart det i 2020 utført 15,8 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,5 årsverk. Av 16 faste tilsette vart det utført 14,53 årsverk ved Kraftmuseet. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførte 1,26 årsverk, gjennomført av i alt 9 personar.

Kraftmuseet arbeider for likestilling mellom kjønna - organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette er 7 menn og 10 kvinner. Direktør er mann, dei to avdelingsleiarane er ein mann og ei kvinne. Kvinneandelen i styret er 37,5 %.

Kraftmuseet hadde i 2020 eit sjukefråvær på 3,2 % mot 6,6 % i 2018. Langtidssjukefråværet var på 2,5 % mot 5,0 % i 2019. Korttidssjukefråværet gjekk frå 1,6 % i 2019 til 1,7 % i 2020. Det var ingen arbeidsulukker i 2020.

Kraftmuseet er medlem av Bedriftshelse 1. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Museet samarbeider med ei rekkje aktørar, som NVE, Ullensvang kommune, Riksantikvaren, Vestland Fylkeskommune, Statkraft, AS Tyssefaldene, og ulike museum. Visit Hardangerfjord er samarbeidspart innan reiseliv og marknadsføring, og lokalt jobbar me tett saman med Trolltunga Active og turistkontoret. Museet samarbeider med lokale verksemdar og næringsliv, og prøver i størst mogleg grad å kjøpa varer og tenester lokalt. Museumslaget Kraftmuseets venner er også ein viktig samarbeidspartnar for museet.

2. Økonomi

Kraftmuseet sine driftsinntekter: Offentlege tilskot frå stat (Kulturdepartementet, Riksantikvaren og NVE), Vestland fylkeskommune og Ullensvang kommune, tilskot frå stiftingar o.l., sponsorinntekter og eigeninntekter.

Årsrekneskapen for 2020 viser eit resultat på kr. 1 883 285. Det er overført bundne midlar frå vedlikehaldsfond Kr. 234 914 og kr. 249 464 til Fond Industriarkivet. Resterande 1 868 735 er ubundne midlar overført til disposisjonsfond. Stiftinga har pr. 31.12.2020 fri eigenkapital på kr. 5 973 076. Museet har opptent eigenkapital på kr. 9 064 578 (sjå note 11). Styret viser til note 15 i årsrekneskapen: Dersom netto pensjonsplikter vert balanseført, vil museet ha positiv opptent eigenkapital på kr. 4 193 856.

Museet har i fleire år hatt ei positiv utvikling når det gjeld eigeninntekter, men baserer likevel drifta på offentlege tilskot. Dette gjer at museet sin økonomi ikkje vart kritisk ramma då koronapandemien gav eit fall i inntekter knytt til billetter, butikk og utleige. Utøvinga av sektorprinsippet gav eit lågt tilskot til FDV i Tyssedal kraftverk, samanlikna med tida før prinsippet vart teke i bruk. Ei avklaring frå Riksantikvaren på slutten av 2020 gjev signal om betre vilkår i 2021. Både Ullensvang kommune og Vestland fylkeskommune heldt same sum til driftstilskot i 2020 som året før, medan Kulturdepartementet vart indeksregulert opp som normalt.

Overskotet 2020 skuldast mellom anna ekstraordinært låge straum- og varmekostnader, og reisekostnader. Endringar i pensjonsordninga (KLP) og eit svært moderat lønsoppgjær nesten halverte pensjonskostnadane mot budsjett. Covid-19 førte òg til mindre aktivitet ved at me stengde eller reduserte opningstidene på arenaene våre. Sjølv om me hadde høg aktivitet på mange område, så var dette mindre kostnadskrevjande enn i eit ordinært driftsår. Dette gjeld område som arrangement, marknadsføring, drift av lokale etc. Museet utsette òg ein del investeringar og gjorde sparetiltak då koronapandemien skapte ein uviss situasjon. Det at rammene var så uklare og usikre gjorde økonomistyring krevjande. Ingen tilsette var permitterte og me tilsette sommarvertar, men i mindre stillingar enn normalt. Tilsette vart òg tekne ut av ordinær verksemd for å jobba med prosjekt som vart forsert grunna pandemien. Vi ser i etterkant at me kanskje var for forsiktige, men meiner dette har styrka oss, samstundes som me har eit etterslep på det som me valde å utsetje grunna pandemien. Me har valt å framleis styrka eigenkapitalen, med tanke på framtidige investeringar.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit rett bilete av stoda til stiftinga Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum pr. 31.12.2020.

3. Eit år med pandemi

Etter ein ivrig start på året med gode besøkstal og stor aktivitet, gjorde koronaviruset seg kraftig gjeldande i mars. På ettermiddagen 12. mars kom regjeringa med melding om at alle museum måtte stengja, til liks med mykje av samfunnet elles. Dette innleia eit nytt og uventa kapittel i museet si historie. Bortsett frå bygg- og anleggsavdelinga, flytta alle tilsette arbeidsstaden sin til heimekontor. I ei helsing til medlemsbedriftene skreiv Visit Hardangerfjord 20. mars 2020: «Husk at dette går over og akkurat nå gjelder det å holde ut.» Tidleg i pandemien trefte dei spikaren på hovudet. Året 2020 handla mykje om å halda oppe motet i organisasjonen, og halda ut.

Heimekontor var hovudarbeidsforma til medio mai, og museet opna dei fleste arenaene for publikum igjen 26. mai. Trass i gjenopninga, prega eit strengt smittevernregime Kraftmuseet også resten av året. Museet la seg trygt innafor det som kom av råd og retningslinjer frå styresmaktene. Det medførte mellom anna at all publikumsaktivitet i hovudarenaen i Tyssedal vart konsentrert til kraftstasjonen og Kraftstova, sidan dei tronge lokala i Naustbakken 3 og 7 ikkje var eigna med tanke på smittevern. Resepsjon og butikk vart plassert i sør-delen av kraftstasjonen, kafégjester sat ved småbord utanfor stasjonen. Filmvising føregjekk i Kraftstova. Denne omorganiseringa skjedde svært raskt, og viste seg å vera vellukka. Både publikum og tilsette kunne kjenna seg trygge for smitte, og ikkje minst gav opplegget ein betre logistikk. Gjestene hadde museumsvertane i nærleiken under heile besøket.

Generelt vart mykje av formidlingsarbeidet flytta frå dei fysiske museumsarenaene til digitale flater. Det same gjaldt møteverksemd og seminar/konferansar. Dei tilsette reiste langt mindre enn normalt. Dette sparte tid, og reduserte kostnader både i museet sin økonomi og klimaavtrykket. Endringsviljen i museet vart sett på prøve, og me kom godt frå det. På ulike vis vart museet tvinga til å gjera justeringar og endringar, og mykje vil kunna reknast som ei fornying som museet vil ha nytte av vidare.

BEREDSKAPSPLAN - COVID 19/KORONAVIRUSET		KRAFT MUSEET
Generelt	Ansvar	
Kvar finn eg oppdatert informasjon?	Folkehelseinstituttet (FHI): https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/ Helsedirektoratet https://www.helseidirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus Arbeidsgevarorganisasjonen VIRKE: https://www.virke.no/	Alle pliktar å halda seg oppdatert
Kva gjer Kraftmuseet?	Direktør og leiargruppa held seg kontinuerleg oppdatert om dei generelle nasjonale helseråda. Me følgjer med på informasjon frå regjering, departement, Ullensvang kommune, Museumsforbundet, VIRKE. Museet held stengt inntil vidare frå 12.3.2020. Dette gjeld alle arenaer. Alle arrangement ut april er avlyste eller utsette. Frå og med 13.3.2020 skal alle tilsette som kan utføra arbeid heimefrå ha heimekontor, og altså ikkje opphalda seg på arbeidsplassen. For tilsette der dette ikkje lar seg gjera, skal det gjerast individuelle avtalar. I første omgang gjeld dette ut veke 12, men det er sannsynleg at dette vil vara lenger. Planlagde møte skal gjennomførast via Teams, og det skal vera tett dialog/samarbeid i organisasjonen gjennom digitale plattformer/telefon.	Direktør og leiargruppe Direktør og leiargruppe Alle
Ekstern informasjon	Me legg fortløpande ut informasjon på facebook og heimesidene til museet. Om du blir kontaktta av media med spørsmål om Kraftmuseet og koronaviruset, skal du visa til direktør Knut.	Formidling/ direktør
Har du spørsmål?	Søk først generell info. Ta elles kontakt med direktør eller nærmaste leiår. Me gjer vårt beste for å gje svar så fort som råd. Bruk fortrinnsvis Teams.	Alle

Førstesida i beredskapsplanen som vart sendt alle tilsette 13. mars 2020. Oppdateringar av denne planen kom jamt gjennom store deler av året.

4. Fornyng

Kraftmuseet ynskjer at fornyngstiltak me gjer, skal vera godt planlagde og del av ei langsiktig utvikling. I 2020 måtte me i ein del tilfelle vika frå denne metoden, og kasta oss ut i rask improvisasjon. Då me ikkje kunna halda KraftLaben open, flytta me resolutt ein del av installasjonane til kraftstasjonen i Tyssedal og til Lindehuset. Slik fekk KraftLaben eit år i eksil. I kraftstasjonen hadde KraftLaben ei lita utstilling med installasjonar om energi. I Lindehuset fekk opplegget form som ei interaktiv utstilling: «Det mystiske lyset», og denne gjekk fint saman med Knud Knudsen-utstillinga «På veg» i somarmånadene. Samtidig gjorde stenginga av KraftLaben det mogleg å utvida arbeidet med å fornya vitensenteret, slik at det i 2021 står fram som eit langt meir attraktivt tilbod enn tidlegare.

Eit anna døme på korleis me kunne snu ei vanskeleg utfordring til ei ny moglegheit, er grepa me gjorde med publikumshandteringa i Tyssedal. Det ekstra gunstige med denne vrien, var at tiltaka me gjorde var i pakt med hovudideen for ei langsiktig utvikling i Tyssedal. Museet har ein strategi om å

samla publikumstilboda her i kraftstasjonen og verkstadbygget. Det var ikkje planen å gjennomføra dette alt i 2020, men no tvinga pandemien oss til ein ad hoc-test. Erfaringane me gjorde vart ei stadfesting av at me har tenkt rett i dei langsiktige planane, og me kan la ein del av test-grepa verta innført permanent. Hausten 2020 fekk museet fylkeskommunal støtte til dette som eit prosjekt: «Publikumstiltak for ei ny framtid». Her gjennomfører museet store fornyingstiltak i kraftstasjonen og KraftLaben, som tar høgde for strenge krav til smittevern både på kort og lang sikt, hevar standarden på HMT og universell utforming, og legg til rette for ei betre publikumsoppleving.

Om nokre tiltak vart påskunda av pandemien, var likevel den generelle utviklinga av Kraftmuseet i 2020 forankra i den strategiske planen 2019-2024.

Miljø og HMT


Miljøguiden museet vedtok i 2019 vart godt innarbeidd i verksemda gjennom 2020, og var saman med HMT fast punkt i dei vekevisse måndagsmøta som er obligatoriske for alle tilsette. Me la vekt på å gjera endringar av praktisk og konkret art, til dømes betre opplegg og rutinar for kjeldesortering av avfall og tiltak for å redusera straumforbruket. Det vart utarbeidd ein eigen miljørapport for 2020, som syner gode resultat på måla i miljøguiden.

På eit meir overordna nivå var Kraftmuseet v/direktør med i ekspertgruppa for berekraft og miljø i Norsk ICOM sitt arbeid med nye museumsetiske retningslinjer.

Digital fornying

Museet innførde Office365/Teams i 2019, og vart rikeleg løna for det i 2020. Heimekontor med digital møteverksemd og annan kommunikasjon baserte seg i stor grad på Teams, og samanlikna med mange andre verksemder opplevde Kraftmuseet å vera forkant i bruken av dette verktøyet. Stadig nye funksjonar vart tekne i bruk gjennom 2020, og dei tilsette hadde fleire økter med opplæring.

I arbeidet med den nye digitale portalen Kraftlandet, tok museet nye steg i den digitale formidlinga. Dette er eit samarbeidsprosjekt i NVE si museumsordning, der me i tillegg til svært gjennomarbeidde nettsider også produserer podcastar. Ei rekkje av museet sine tilsette er med i dette arbeidet, som også er utviklande når det gjeld digital kompetanse.



Fornyning i bygg



Ein del fornyingsgrep i bygningsmassen vart gjort, særleg gjennom oppgradering i KraftLaben, men òg mindre tiltak i fleire andre bygg. Mest handla 2020 om å planlegga, få på plass finansiering og førebu større tiltak. Finansiering av prosjektet for nytt låssystem i museumsbygga kom på plass, og grunnlagsmateriale for tilbodskonkurranse vart klargjort slik at gjennomføringa av prosjektet kan starta i 2021. Me kom òg godt i gang med å laga nye arbeidsrom i lokala i Naustbakken 7 der utstillinga «Foss» har stått, og å betra tilhøva i fotoarkivet og fotokontoret i kjellarhøgda. Ein god start fekk me òg i etablering av mottaksrom for gjenstandslageret i Bygg 026, også dette eit arbeid som held fram i 2021. Ein vasslekkasje i Folgefonngata 13 førte til at badet og eit kontor vart sett i betre stand enn tidlegare. Når det gjeld museet sine moglegheiter for utleige til konferanse/møte, betrar desse seg monaleg med oppgraderinga av Kraftstova. Finansiering og innkjøp av nytt audiovisuelt utstyr kom på plass i 2020, og montering skjer tidleg 2021.

Museet var òg engasjert i AS Tyssefaldene sitt prosjekt med ny klimastyring i kraftstasjonen, der ein legg opp til investeringar som skal gje meir stabil og ideell temperatur og dermed redusera behovet for løpande vedlikehald.

Ekspansjon

Intensjonsavtalen mellom Kraftmuseet og Kvam herad om å innlemma Ålvik industriarbeidarmuseum i Kraftmuseet, hadde offentleg finansiering av drifta som ein føresetnad. Korkje Kvam herad eller Vestland fylkeskommune prioriterte midlar til dette i 2020. Utan signal om at slik finansiering kjem på plass, må Ålvik industriarbeidarmuseum gå ut av Kraftmuseet sine langtidsplanar.

Det store fornyingsgrepet når det gjeld nye arenaer, er Lindehuset og planen om å ekspandera i Odda sentrum. Nøkkelen til å få Lindehuset-prosjektet realisert, er å få tilslag i den statlege tilskotsordninga Nasjonale kulturbygg. Kraftmuseet søkte om midlar i 2019 og 2020, men Lindehuset vart ikkje prioritert. I vurderinga Kulturrådet gjorde i 2020 står det: «Kulturrådet vurderer dette prosjektet til å kunne dekke behovet for et regionalt kulturhus i denne delen av Vestland. Et kulturhistorisk viktig bygg blir tatt vare på ved vern gjennom bruk, og Kraftmuseet får dekket sine behov for nye areal til formidling.» Dette er ei positiv vurdering, men malurt i begeret er at staten primært ynskjer at den



Frå synfaring til Pyttebuene sommaren 2020. Foto Dag Endre Opedal, Kraftmuseet

andre finansieringa skal vera på plass før ordninga Nasjonale kulturbygg kan koma inn med sin store del. Dermed står Kraftmuseet i ei utfordring med å få investeringstilskot frå Vestland fylkeskommune og Ullensvang kommune før staten har lova noko.

Ei mogleg utviklingslinje som har segla opp saman med regionreforma, er ei fylkeskommunal oppføring om at Kraftmuseet gjer seg meir tydeleg gjeldande i Sogn og Fjordane-delen av Vestland. Her har Kraftmuseet oppretta kontakt med museumsmiljøet i Høyanger, og har òg jamn kontakt med Musea i Sogn og Fjordane som ynskjer Kraftmuseet velkomen inn i sitt territorium.

Museet hadde òg ei synfaring til Pyttebuene ved Holmaskjer på Folgefonna. Desse kulturminnemesig viktige buene vart sette i stand av museet tidleg på 2000-talet. Siste tiåret har ikkje museet hatt noko vesentleg engasjement rundt Pyttebuene, mellom anna på grunn av at ansvarstilhøva har vore uklare. Kraftmuseet konkluderte i 2020 at det vil vera ei rett prioritering å ta eit grep om buene, med enkle oppgraderingar som vil gjera dei til ein eksotisk formidlingsarena. Dette vert følgt opp i 2021.

Organisasjon

Kraftmuseet har befestet seg som ein attraktiv kompetansearbeidsplass, og opplever aukande respekt både lokalt og nasjonalt. I 2020 hadde me mykje eksternt samarbeid med andre museum og gjennom NVE si museumsordning, noko som er kompetansebyggande og styrkar museet sitt faglege nettverk.

Industriarkivet sitt gode samarbeid med Boliden Odda heldt fram i 2020, med det arkivfaglege Boliden-prosjektet som det viktigaste. Det er meir aktivitet i Industriarkivet enn nokon gong, og koplinga til Boliden er viktig i arbeidet med å utvikla Kraftmuseet si rolle i lokalsamfunnet.

Signal frå styresmaktene om at det kan bli aktuelt med ein ny runde museumskonsolideringar, vart eit jamt hyppigare tema i 2020. Det er ei forventning om at den statlege museumsmeldinga i 2021 vil gje føringar for ein slik prosess.

Museet heldt gjennom året tett kontakt med styresmaktene på alle nivå, og hadde mellom anna besøk av statsekretær i Kulturdepartementet Gunhild Berge Stang på hausten.

Nye marknadsføringsgrep

Innarbeidinga av nytt namn og ny grafisk profil har vore vellukka, og museet tok i 2020 nye steg innan marknadsføring og merkevarebygging. Saman med Hardanger og Voss museum, Olav H. Hauge-senteret og Folgefonnssenteret lanserte me Sommarpass 2020, ei felles rabattordning. Etter at besøkkande hadde betalt full pris på eitt museum, fekk dei 50% avslag hjå alle museumsavdelingane i samarbeidet. Dette reknar me med gav noko meirbesøk, og ikkje minst var det med å sveisa dei ulike institusjonane saman.

Kraftmuseet var òg som einaste museum med i prosjektgruppa for Kraftturisme-prosjektet, som Rogaland og Vestland fylkeskommunar sette i gang. Eit forprosjekt vart gjennomført, og følgt opp med igangsetting av eit pilotprosjekt som også held fram i 2021. Her skal ein løfta opp kraftindustrien sine kulturminne i Lysefjorden, Odda/Tyssedal og Høyanger, og gje desse ei profilering som skal auka reiseliv og verdiskaping på stadene.

Museet gjorde òg arbeid med å skjerpa presentasjonen av tilboda våre i eigne kanalar, og hjå Visit Hardangerfjord. Som ein del av dette konkluderte me at tida nærmar seg at me må investera i nye heimesider.

5. Forvaltning

Kraftmuseet forvaltar mange viktige materielle kulturminne, i Tyssedal kraftverk, bygg på Smelteverkstomta og arbeidarbustadene i Folgefonngata som dei mest framstående. Per 31.12.2020 eigde me eller hadde ansvar for 27 bygg, 1 verna fartøy, 12.200 registrerte gjenstandar, fleire hundre intervjue, vel 130 kulturhistoriske filmar, kring 160.000 fotografi og ei biblioteksamling med ca. 5200 einingar. I tillegg har museet ei samling av 270 privatarkiv. Kraftmuseet har registrert 63 arkiv i Arkivportalen ASTA, som gjer at publikum kan sjå at me har dei, og kva dei inneheld. Ordning av Bolidenarkivet hadde hovudprioritet i Industriarkivet, der nesten 50% av arbeidet med prosjektet er gjort. Arbeidet vart noko hemma av covid19, ved at nedpakking og flytting av arkivmateriale måtte utsettast. Me gjorde ein del andre funn i Bolidenarkivet enn reint arkivmateriale: store mengder dokumentasjonsfoto (anslag 5000 positivar, negativar og dias) og også film. Dette er no sikra i Industriarkivet.

Me hadde god progresjon i registreringa av kulturhistoriske foto. Kraftmuseet har vel 16700 foto tilgjengeleg på Digitalt Museum (DM). Det er tydeleg at DM er mykje nytta, både blant private og organisasjonar eller forlag. 59385 brukarar var innom Kraftmuseet sine objekt på DM i 2020. Kraftmuseet leverer ein god del foto til bøker og artiklar. Nedlasting frå DM til privat bruk er gratis. Kraftmuseet erstattar etter kvart fotofilene med filer i betre oppløysing for at publikum skal få betre kvalitet på det dei ser og eventuelt lastar ned. Publikum hjelper oss å betra informasjon til bileta på DM. Slik optimalisering av våre foto på DM er kontinuerleg arbeid, som me òg hadde jamt og trutt i 2020.

ReOrg-prosjektet i samarbeid med Bevaringstenestene i Hordaland gjekk inn i 2020. Dette gjeld reorganisering og gjennomgang av tekstilsamlinga vår. Me har òg fått på plass deponeringsavtalar og sendt fleire faner til fellesmagasinet på Salhus. Prosjektet førte til at me i 2020 fekk ein tydelegare samlingsprofil, og har redusert samlinga ved å destruera/senda gjenstandar over til andre museum. ReOrg-prosjektet vart avslutta i 2020, men arbeidet med tekstilsamlingane og tekstilar i arbeidarbustadene held fram i 2021 etter ReOrg-metoden.

Forvaltning, drift og vedlikehald av Tyssedal kraftverk vart i 2020 handtert på tilstrekkeleg nivå slik at me ikkje er på defensiven i høve forfall. Redusert finansiering frå staten gjer at det vert brukt mindre ressursar på oppgåva enn før sektorprinsippet vart teke i bruk. Framleis ventar me på ei endeleg avklaring rundt sektorprinsippet, noko som er avgjerande for kva finansiering me vil ha til dette viktige



Til venstre: Frå arbeid i ReOrg-prosjektet, Brita Jordal og kollegaer i Bevaringstenestene i Hordaland. Høgre: Siri Jordal gjev uttrykk for museet si begeistring for Boliden-prosjektet, under pakking på fabrikk. Foto: Kraftmuseet



Bygg- og anleggsavdelinga, og også andre tilsette, gjennomførte viktig istandsettingsarbeid på Lindehuset. Aktiviteten på M/Y Tysso avgrensa seg til vedlikehald i 2020. Foto: Knut Markhus, Kraftmuseet

arbeidet i åra framover. Noko periodisk vedlikehald vart utført med NVE-midlar. Naustbakken 3 vart utsett for kloakkskade, og underetasjen måtte gjennom ei omfattande utbetring.

FDV-arbeidet på bygg 026 smia og Lindehuset på Smelteverket heldt fram med støtte frå Riksantikvaren. I tillegg sette kommunen i gang utvendig istandsettingsarbeid på Lindehuset med finansiering frå same stad. Arbeid med KraftLaben avgrensa seg til innvendige oppgraderingar med tanke på formidlingstilbodet. Me konkluderte gjennom året at arbeidarbustadene i Folgefonngata i varierende grad treng vedlikehald, men arbeidet med dette vart utsett til 2021.

Me brukte mykje tid på førebuing av det omfattande prosjektet for skalsikring/nytt låssystem på bygga våre. Gjennomføringa skjer i 2021-22.

For M/Y Tysso vart det berre forvaltning og ikkje formidling i 2020, grunna covid19. Mykje viktig vedlikehald vart gjort på våren og sommaren, både av fagfolk frå Hardanger fartøyvernsenter og våre egne tilsette.

Det var i 2020 god kontinuitet i arbeidet med å gjera samlingane tilgjengelege for publikum, m.a. gjennom digitalisering på plattformer som digitaltmuseum.no, på nettsida vår og på Facebook. Fotoarbeidet ved museet var betydeleg, både med omsyn til innsamling, sikring og ny fotografering/filming. I tillegg starta me arbeid med å gjera fasilitetane for foto betre i Tyssedal, både når det gjeld magasin og kontortilhøve. Me tok også dei første fysiske stega med å etablere eit mottaksrom for gjenstandar i Bygg 026 på smelteverkstomta. Industriarkivet sitt arbeid med privatarkiv hadde god framgang, særleg gjennom prosjektet Boliden-arkivet som fleire tilsette tek del i.

Når det gjeld immateriell kulturarv, hadde Odda vidaregåande skule si landslinje i vg2 smedfag svært god drift i den freda smia vår i Bygg 026. For å kunna utvida undervisningstilbodet, vart det sett i verk ein del endringar i smia, innafor dei moglegheitene fylkeskonservatoren gav oss. Når det gjeld den immaterielle kulturarven bidrog museet også ved å halda i hevd tradisjonelt handverk i vedlikehald og restaurering av anlegga våre.

6. Formidling

Det var særleg formidlingsarbeidet ved museet som vart ramma av koronapandemien. Besøkstalet fall frå 26 682 i 2019 til 15 178 i 2020. Dette reknar me likevel for å vera eit bra resultat ut frå føresetnadene. Heile museet var stengt medio mars til slutten av mai, og nokre arenaer måtte halda stengt også etter dette og ut året. Ei mengd arrangement vart avlyst grunna smittevern, og me kunne i mindre grad enn normalt grad gjennomføra skuleopplegg. Det var ikkje grunnlag for vesentleg utleige til konferansar og møte, i deler av året var det heller ikkje tillate frå styresmaktene. Grunna pandemien vart ikkje M/Y Tyso sertifisert for passasjerdrift dette året. Gledelig var det at Lindehuset hadde større besøk sommaren 2020 enn sommaren før, og også Lilletopp hadde mange gjester.

HARDANGER FOLKEBLAD Tysdag 28. juli 2020 NYHEITER 7

■ Eirun (21) fronter i sommer det nye sentrumstilbudet:

Har bedre besøk i år

Eirun Flaten Sandvin (21) har sommerjobb på Kraftmuseet for andre året på rad. I år er hun stasjonert utenfor Lindehuset sammen med en litt spesiell campingvogn.

EIVIND DAHLE SJÅSTAD
eivind@hardanger-folkeblad.no
91748828

- Det ble kjøpt inn for noen år siden og er vel fra rundt 60-tallet. Da ble dette sett på som en luksusvogn, sået Saabviva og vi ser oss den time, men nok kanskje vognen.

Her tar hun imot betaling for omvisning av Knud Knudsen-utstillingen «På vegs som turister og feriehøende i år kan oppleve i Lindehuset. I tillegg er det en rekke spennende aktiviteter for barn både ute og inne. Kraftlaben vest for Lindehuset holder i år stengt på grunn av koronautbruddet, men elementer herfra har blitt flyttet over til Lindehuset og til kraftstasjonen i Tyssedal. Det har vist seg å være en suksess.

Spør om smelteverket

- Det er en veldig kjeld sommerjobb og det er kjekt at vi nå har fått litt mer liv her på Lindehuset. Ungene kan leke ute, mens foreldre kan gå inn å se på utstillingen. Så langt har det vært flere besøkende i år enn i fjor. Det betyr nok utvilsomt et tilbud til hele familien, sier Saabviva som til vanlig studerer på lærerhøgskolen i Trondheim.

Dermed har hun også sikret seg en relevant jobb i sommer, der hun blant annet viser fram det Kraftmuseet har å by på av spennende læring for barn.

- Hva er det folk vil se når de kommer hit?

- De fleste kommer for å se utstillingen og bildene. Mange er også interessert i Odda smelteverk og sier at vi her får en egen utstilling slik at de kan lære mer om historien og industrien. De lurer også på hvem de kan si dette til for å få det til.



SOMMERJOBB: Eirun Flaten Sandvin (21) har sommerjobb på Kraftmuseet for andre året på rad. I år er hun stasjonert utenfor Lindehuset sammen med en litt spesiell campingvogn.

Spesielt folk fra andre plasser er veldig interessert i smelteverksutstillingen, sier hun.

- Hvem er det som kommer?

- Det er all mulig og mange utenlandske turister. Det skal absolutt ha vært flere ordninger her. Det er mange med andre dialekter som kommer, og det virker som de er godt fornøyd. Så det er nok bare det at lokalbefolkningen må komme her å se dette, sier hun.

God jul

Direktør ved Kraftmuseet, Knud Knudsen, forteller at de lenge fryktet for årets sesong på grunn av koronautbruddet, men at juli ser ut til å bli svært bra likevel.

- Det er ganske mye mer besøk i Lindehuset i år enn i fjor. For museet generelt, som består av både kraftstasjonen i Tyssedal og nabohuset, Lilletopp og Lindehuset så ser det ut til at juli i år blir omtrent som i fjor og det var et solid rekordår. Det ser lovende ut for juli sin del, sier Knudsen.

Han peker blant annet på greiene de har gjort for å tilpasse seg.

- Utstillingen er flott i seg selv og en viktig del av det hele, men nå har vi også fått på plass et godt tilbud for hele familien midt i sentrum. Vi har flyttet ut deler av kraftlaben og har egne opplegg både i kraftstasjonen og i Lindehuset. Hele familien kan komme hit og fordele seg, legger han til.

HF ble med på en kort omvisning i Lindehuset, der man foruten bildene til fotografen fra Odda, Knud Knudsen, også kan se miniaturløsningen «Det mystiske lyset» og kunstutstillingene av Eise Karin Bysheim Tyssø.



LINDEHUSET: I Lindehuset kan du blant annet oppleve kunstutstillinger og se Knud Knudsen sine historiske bilder.

Trass i restriksjonane koronapandemien førte med seg, hadde Lindehuset rekordbesøk sommarsesongen 2020. Totalt sett fall likevel besøkstalet til museet på grunn av pandemien. Oppslag i Hardanger Folkeblad 28. juli 2020.

12

Besøkstal	2018		2019		2020	
	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne
Tyssedal	2 854	13 943	2 240	11 752	1 901	5 679
KraftLaben/Lindehuset	3 813	2 301	4 350	1 704	4 117	1 734
Andre	529	2 288	743	5 893	59	1 688
SUM	7 196	16 551	7 333	19 349	6 077	9 101
Totalt	22 874		26 682		15 178	

Utstillingar

Me reknar det som imponerende at me sommaren 2020 kunne opna fire gjennomarbeidde og gode utstillingar. I kraftstasjonen presenterte me den permanente utstillinga «Norsk vasskraft», som formidlar den nasjonale forteljinga om utviklinga av Noreg som vasskraftnasjon. Utstillinga vil verta utvida med ein ny del i 2021. I midten av kraftstasjonen opna KraftLaben ei lita utstilling med installasjonar om energi og elektromagnetisme.

I Lindehuset kunne publikum gleda seg over «På veg», ei utstilling i Knud Knudsen-prosjektet med foto av Knud Knudsen og skulpturar av Else Karin Tysse Bysheim. I same lokale hadde me den interaktive og meir barneretta utstillinga «Det mystiske lyset», med pedagogiske og kreative installasjonar frå den nedstengde KraftLaben.



Undervisingsopplegg

Eit svært vellukka undervisningsopplegg rakk me å gjennomføra før pandemien melde seg: «Demokrati på prøve». Alle 8.-10.-klassane i kommunen var inviterte, og om lag 360 elevar var innom museet i løpet av 3 hektiske veker. Den digitale Alta-utstillinga blei brukt som bakgrunn og forarbeid for elevane. Undervisningsopplegget var med i Den kulturelle skulesekken, og vart ei verdifull oppleving for både elevar, lærarar og museet.

